

# HYLLESTAD KOMMUNE

## Administrasjonssjefen

Finansdepartementet  
Skattelovavdelinga  
Postboks 8008 Dep  
0030 OSLO

FINANSDEPARTEMENTET	
15. SEP. 2004	
Saksnr.	0411487-53
Arkivnr.	

Vår ref.:  
Arkivsaknr.: 04/508-7/ JCL  
L.nr.: 04/4082

Dykker ref.:

Arkivkode:  
K1-200

Dato:  
14.09.04

## HØYRINGSFRÅSEGN NOU 2004:12 BETRE SKATTEINNKREVJING

Hyllestad kommunestyre har gjort følgjande vedtak:

### **KOMM-083/04 SAMRØYSTES VEDTAK:**


Hyllestad kommunestyre meiner at skatteinnkrevjarfunksjonen fortsatt må vere communal. I tillegg til distriktspolitiske omsyn, og omsynet til communal sjølvråderett, viser ein til dokumentert gode innkrevjingsresultat. Nærleiken til skatteytarane gir god rettstryggleik og dialog med tanke på løysing av vanskelege innkrevjingssaker. Statleg innkrevjing vil kunne føre til ei sterk sentralisering og framandgjering av innkrevjinga, der skattytarane vil stå overfor eit nå delaust vesen utan folkevalt innsyn og kontroll.

Ein innser likevel at det er rom for forbetingar innafor den kommunale organiseringa, med små fagmiljø og til dels små ressursar. For å berte på dette har kommunane i HAFS-regionen gått saman om ei felles stilling for å styrke arbeidsgjevarkontrollen – ei ordning som skattefuten er svært fornøgd med. HAFS-kommunane har elles gått saman med kommunane i indre Sunnfjord om felles kommunikasjonslinje til IBM for å spare utgifter, og vurder no felles økonomikontor. Dette viser at statleggjering ikkje er einaste løysinga.

Spørsmålet om statleggjering av skatteinnkrevjarfunksjonane er sannsynlegvis ikkje tilstrekkeleg utgreidd; jf. Vrålstad, ECON Analyse 1.06.04, der det vert stilt spørsmål ved analyser som ligg til grunn for utgreiinga - sitat: "Oppsummert mener vi at foreliggende analyse av Bernhardsen inneholder flere feil og mangler som i sum gjør at det er grunn til å tvile på flere av resultatene. Spesielt gjelder dette konklusjonen om at innfordringsresultatet er bedre for de større kommunene"( Kjelde: Kommunal økonomi nr 7 2004).

Det er sannsynleg at ei statleggjering vil vanskeleggjere innkrevjinga av kommunale avgifter, med bortfall mogelegheita ein har i dag til, gjennom skatteoppkrevjar, å ilegge påleggstrekk og motrekning i godeskatt.

Postadr.:	6957 HYLLESTAD	Org.nr.:	964 967 547
Telefon:	57 78 95 00	Bankkonto skatt:	7855.05.14132
Telefaks:	57 78 86 95	Bankkonto:	3837.07.00319
E-post:	postmottak.hyllestad@hyllestad.kommune.no	Web-adresse:	www.hyllestad.kommune.no



Det er elles grunn til å spørje seg om det ligg til grunn ein uuttalt overordna politisk strategi om ei framtidig arbeidsdeling av vitale samfunnsfunksjonar mellom stat og kommune innafor ein to-nivåmodell.

Med helsing



Jens Chr. Lundeland  
Adm.sjef

*Saksh. direktetlf: 57 78 95 03*

**Kopi til:**

KS Sogn og Fjordane